



Årsmøte i Osterøy IL 28. april 2021 kl. 19.00 i Klubbhuset på Hatland

Innkalling til årsmøtet vart annonsert på heimesida og på e-post til alle medlemmar.

Sakliste:

1. Godkjenne stemmeretten til dei frammøtte
2. Godkjenne innkalling, sakliste og forretningsorden
3. Val av ordstyrar, referent og 2 medlemmar til å underskrive protokollen
4. Årsmelding for 2020, samt gruppene sine årsmeldingar
5. Rekneskap for 2020 i revidert stand
6. Fastsetja medlemskontingent for 2022
7. Budsjett 2021
8. Val av revisor
9. Organisasjonsplan
10. Gjera følgjande val:
 - a. Leiar
 - b. Nestleiar
 - c. 2 styremedlemmar og 2 varamedlemmar
 - d. Kontrollutval med 2 medlemmer og 1 varamedlem
 - e. Valnemnd med leiar, to medlemmar og ein varamedlem.
 - f. Representantar til ting og møte i dei organisasjonsledda som idrettslaget har representasjonsrett i.
 - g. Val i samsvar med organisasjonsplan – godkjenning av styret til dei einskilde gruppene.

Dokument til behandling på årsmøte:

- Styret sitt forslag til forretningsorden
- Eventuelle forslag og saker, medrekna eventuelle lovendringar
- Styret sitt forslag til medlemskontingent
- Styret sitt forslag til organisasjonsplan
- Valkomiteen si innstilling
- Styret si innstilling til neste års valkomité
- Rekneskap og budsjett

Ved spørsmål ta kontakt med post@osteroyil.no

Venleg helsing

Styret i Osterøy IL

Saksutgreiingar:

SAK 2 Godkjenne innkalling, sakliste og forretningsorden

Framlegg til vedtak:

1. Årsmøtet godkjenner innkalling og sakliste
2. Framlegg til forretningsorden
 - a. Årsmøtet vert leia av ordstyrar vald i sak 3 og den valde referenten skriv protokoll.
 - b. Ingen kan ha ordet meir enn tre gongar i same sak. Taletida vert avgrensa til tre minutt fyste gong, og to minutt for andre og tredje gongs innlegg. Ordstyrar kan forkorte taletida og setje strek for talelista etter behov.
 - c. Alle framlegg må leverast skriftleg til ordstyrar og må vera signert. Nye framlegg kan ikkje fremjast etter at strek er satt og saka er tatt opp til votering. Framlegg kan berre koma i saker som står på saklista.

SAK 3 Framlegg til vedtak:

Referent: Jørgen Vevle

Ordstyrar: Elin Kleppe Fossbakken

2 medlemmer til å underskrive protokoll: Vert lagt fram på møtet

SAK 4 Årsmelding for 2020 samt gruppene sine årsmeldingar

Framlegg til vedtak: Årsmøtet godkjenner styret sitt framlegg til årsmelding.

SAK 5 Rekneskap 2020 og disponering av årsresultat

Resultatrekneskap og balanse for Osterøy IL samla og for dei einskilde gruppene vert lagt fram på årsmøtet.

Framlegg til vedtak:

Årsmøtet godkjenner styret sitt framlegg til rekneskap

SAK 6 Fastsetje medlemskontingent for 2022

Frå 2008 har det blitt vedteke at årsmøtet fastset medlemspengar for påfølgjande år, dvs. i dette tilfellet for 2022. Medlemspengane for 2021 vart vedtekne på årsmøtet i 2020, og er kr 600,- for vaksne og kr 300,- for born.

Framlegg til vedtak:

Medlemspengane for 2022 vert uendra: Barn: kr 300,- og vaksne kr 600,- med gebyr på kr 50 pr. purring. Nye innmelde etter 01.08 betalar halv sats for det første året. Dersom det vert krav om endra faktureringsrutinar frå idrettsforbundet frå 2021 som medfører gebyr, får styret

fullmakt til å auka kontingenten med inntil kr 50,- pr medlem. Medlemspengane har vore uendra sidan 2016.

SAK 7 Budsjet 2021

Budsjett for Osterøy IL fordelt gruppevis og for hovudkassen vert lagt fram på årsmøtet.

Framlegg til vedtak: Årsmøtet godkjenner styret sitt framlegg til budsjett for 2021.

SAK 8 Val av revisor

Styret gjer framlegg om Sigma Revisjon AS som revisor for Osterøy IL.

Framlegg til vedtak: Årsmøtet godkjenner styret sitt framlegg til val av revisor.

SAK 9 Organisasjonsplan

Framlegg til vedtak: Årsmøtet godkjenner styret sitt framlegg til organisasjonsplan.

SAK 10 Val

- a. Leiar
- b. Nestleiar
- c. 2 styremedlemmar og 2 varamedlemmar
- d. Kontrollutval med 2 medlemmar og 1 varamedlem
- e. Valnemnd med leiar, to medlemmar og ein varamedlem.
- f. Representantar til ting og møte i dei organisasjonsledda som idrettslaget har representasjonsrett i.
- g. Val i samsvar med organisasjonsplan – godkjenning av styret til dei einskilde gruppene

Leiar og nestleiar skal veljast enkeltvis. Dei andre medlemane skal veljast samla. Deretter skal varamedlemane veljast samla, og ved skriftleg val vert rekkjefølgja avgjort i høve til stemmetala.

Valnemnda sitt framlegg til styret

Funksjon	Namn	År
Leiar	Ragnhild Balsvik	2021
Nestleiar	Elin Kleppe Fossbakken	2020-2021
Sekretær	Mats-Eirik Elvik	2021-2022
Controllar	Guro Kjelvik Vevle	2021-2022
Styremedlem	Thomas Mosevoll	2020-2021
Varamedlem	Jarle Vik	2021
Varamedlem	Namn vert lagt fram på årsmøte	2021



- a) **Framlegg til vedtak:** Årsmøtet godkjenner framlegg til leiar
- b) **Framlegg til vedtak:** Årsmøtet godkjenner framlegg til nestleiar
- c) **Framlegg til vedtak:** Årsmøtet godkjenner framlegg til styre.
- d) Kontrollutval for hovudstyret fram for årsmøtet i 2020

Geir Kleppe 2021

Bjarte Lohne 2021-2022

Vara: Ann Kristin Borge 2021

Framlegg til vedtak: Årsmøte godkjenner framlegg til kontrollutval

- e) Valnemnd for hovudstyret fram for årsmøtet i 2020

Framlegg til vedtak: Årsmøtet godkjenner framlegg til valnemnd

Torbjørn Hovden (leiar) 2021-2022

Ove Wågsberg Olsen 2021

Trygve Feidje Mjelde 2021-2022

Vara:

- f) Representantar til ting og møte i dei organisasjonsledda som idrettslaget har representasjonsrett i:

Framlegg til vedtak: Årsmøtet godkjenner at medlemmar frå styret kan representere laget i slike høve. Styret får fullmakt til sjølv å utpeike representantar. Styret kan gje fullmakta vidare til gruppestyra når det gjeld representasjon innan eigen idrett.

G) Gruppestyra 2021.

Gruppe	Leiar	Kasserar	Skrivar
Fotball	Arnbjørn Vevle	Monica B. Vevle	Roald Martinsen
Friidrett	Sigbjørn Reigstad	Ingri Mjelde Birkeland	Herdis Helle
Ski	Johnny Mostraum	Bernt Johan Flæsland	Grethe Fjellskålnes
Orientering			
Handball	Elin Kleppe Fossbakken	Tone Daltveit Mosevoll	Elin Kleppe Fossbakken
Turn			
Spretten	Har ikkje fullt operativt styre, men nokre ressurspersonar ivaretek vitale oppgåver.		

Framlegg til vedtak: Årsmøtet godkjenner styra for dei einiskilde gruppene